

FAU-møte Bryne skule

Referat 2. november 2020

Til stede: Heidi Barvik, Ole Wiig, Stig Jespersen, Synnøve Serigstad, Fredrik Undheim, Linn Iren Oppedal, Sigve Berland

Fråfall: Ragnhild Otto

37/20 Trafikkvaktordninga

Fredrik har sendt ut påminning til klassekontaktar og bedt dei melde vaktliste tilbake.

Reevegen er for tida ein utrygg skuleveg på grunn av gravearbeid. Synnøve tek kontakt med kommunen og evt. entreprenøren for å be dei stille med vakt/andre tryggande tiltak.

38/20 Elevkveldar

Utsetter denne saken til over nyttår pga. korona.

39/20 Info frå rektor

- Julegudsteneste – utgår pga. korona
- 5. trinn har hatt utfordringar med læremiljøet. Skulen heldt førre veke ekstra foreldremøte og har gjort fleire tiltak og endringar i klasesamansetninga.
- Kommunen skal sjå på moglegheita for at innerste del av parkeringsplassen ved Kiwi kan verta drop off/hente-sone for elevar som vert køyrde til og frå skulen/SFO. Hensikta er å gjere det meir trafikksikkert i Ola Barkveds veg. Hjertesone-markeringa utanfor skulen vil verta fjerna. FAU er positive til dette.
- Foreldreundersøkinga er sendt ut. Førebels har ca. halvparten svara. Rektor vil sende ut ny påminning.
- Lærarane skal ta kurs i COS (Circle Of Security).
- Skulen ynskjer å lage eit gruppetilbod for elevar som «veks opp i to kulturar» - tilsvarande det eksisterande gruppetilbodet for elevar med skilte foreldre. FAU er positive til dette.

40/20 Eventuelt

Stig/SV Betong har invitert FAU-leiarar til informasjonsmøte 17.november for å høyre om mogleg interesse for nytt folkebad i Bryne sentrum.